

# Daggrypestene Daggrypestene



Adresse: Øvregjerdet 18  
6050 VALDERØYA

Tlf: 70182497

E-post: [post@daggrypestene.no](mailto:post@daggrypestene.no)

Heimeside: [www.daggrypestene.no](http://www.daggrypestene.no)

## Mob.nr. til avdelingane:

**LERKA:** 45973085  
**MÅLTROSTEN:** 45973238  
**LINERLA:** 45972646  
**SPURVEN:** 45972670

Eigar: Sunnmøre Indremisjon  
Styrar: Kari-Lise Ose Nordstrand

## Pedagogiske leiarar:

- Marte Tolo Skjong og May Britt Øverlid (Lerka 3-6 år)
- Oddhild Skjong og Barbro Bakken (Måltrosten 3-6 år)
- Marthe Hellevik Hjorth og Elisabeth K.Synnes (Linerla 1-2 år)
- Siv Alnes Mulelid og Marit Ytterland (Spurven 1-2 år)



**Velkommen til nytt barnehageår i Daggrypestene! ☺**

Vi er i gang med tilvenning for nye barn, og barn som har skifta avdeling, og så er det litt tilvenning for dei gamle barna også som kjem tilbake etter ein lang sommarferie ☺  
Vi legg stor vekt på tilvenningstida, at barna skal bli kjent med andre barn og dei voksne, med barnehagen og rutinene her, og på den måten kjenne seg trygge i barnehagen. Dei nye har fått eit skriv om dette, og velkomstbrev, og alle har fått informasjonsbrosjyre om barnehagen. Det vert oppstartsamtaler med foreldre til nye barn, og foreldresamtaler for alle lenger utpå hausten. De skal også få vere med å evaluere tilvenningsperioden på skjema som skal følge med neste Daggrypest i starten på september.

HUSK å merke alle kler og sko med navn, og pass på at barnet har kler tilpassa ver og årstid, bleier og skifteklær i barnehagen. Vi har ikkje låneklær.

**Når det gjeld parkering**, så skal parkeringsplassen fungere som ei rundkjøring, slik at alle svinger inn mot bygninga når dei kjem, og kjører tilbake ut på den delen av parkeringa som ligg lengst frå bygget. Dette for å unngå rygging på området, slik at det skal vere tryggast mulig å opphalde seg der. Foreldra kan også parkere på langs ved fortauet ved bygget ved levering og henting av barn.

**Innganger** for avdelingane, som de skal bruke ved levering og henting, er på innsida av bygget, der leikeplassen er.

De vil kvar månad få utsendt på mail **Daggrypestene**, som inneheld orienteringer, viktige beskjeder, og månads-plan for den avdelinga de har barn på. Denne månaden har vi ikkje månadsplan, då alt vil dreie seg om tilvenning og tryggleik for barna. Daggrypestene vert også lagt ut på heimesida til barnehagen. (sjå adr. siste sida)

## **SAMARBEID MED FORELDRA**

Vi ynskjer å ha eit nært og godt samarbeid med foreldra, og de er alltid velkomne til å sjå innom barnehagen. Det kan ofte vere litt vanskeleg med kontakten ved levering og henting av barnet ditt, fordi det i ytterkantane av dagen er færre personale på jobb, og mange barn blir levert eller henta på ein gang. Men er det noko særskilt du vil snakke med personalet om, så ring gjerne til barnehagen, eller avtal tid med leiar på avdelinga.

Det er sett opp **foreldremøte torsd. 30.aug.,kl 18.00**, og det blir også tema-møte for foreldra 22.nov, og eit møte til våren. Individuelle foreldresamtaler med pedagogisk leiar på di avdeling haust og vår. Vi har ellers foreldrecaffi, dugnad, julefest, påskefrukost og sommarfest der foreldra er med.

**BARNEHAGEN SITT UTEOMRÅDE:** Leikeplassen er open for alle utanom stengetid, men vi ser at det også er mykje uønska aktivitet der på kveldstid og i helgane, at ungdommer bruker området til samlingsplass, og kaster frå seg bokser, sigaretter, øydelegg leiker som har blitt liggande igjen ute, osv. Og i det siste har det vore leik med eld her eit par ganger, og det er mykje meir alvorleg. På den daglege morgensjekkjen på uteplassen er det funne smelta plastdeler, ein brent sko, det er smelta hol i asfalten og det er merke etter eld på eine bossdunken inne på området. Derfor ber vi også foreldra om at dersom de skulle sjå noko slik aktivitet ved barnehagen vår, så ver snill å gje oss beskjed! Takk ☺

#### FORELDREBETALING OG AVTALEGIRO

Dagdry barnehage nytter avtalegiro for foreldrebetaling, dvs at dei som ikkje allereie har oppretta dette må gjere det. De som er nye vil få ein faktura for august, og når de betaler den i nettbanken, vil de få opp tilbod om avtalegiro. Faktura får de på mail. Det skal betalast for 11 månader i løpet av eit år, frå 15.aug - 15.juli, ein måned er betalingsfri pga at barna skal ha 4 veker ferie. De får faktura for heile månader, sjølv om barnehageåret starter 15.august, men i praksis betyr det at august-fakturaen er for halve august og halve september. Og det vert då ikkje sendt ut nokon faktura når vi kjem til juli, då det allereie er betalt for halve juli på juni-fakturaen. Foreldre med lav inntekt kan ta kontakt med kommunen og søkje om redusert foreldrebetaling. Det er ei fast grense på samla inntekt som ein må vere innanfor for å få slik støtte. Kommunen kan opplyse om desse satsane.

#### HEIMESIDE og FACEBOOK-GRUPPE

På barnehagen si heimeside: [www.dagdrybarnehage.no](http://www.dagdrybarnehage.no) finn de ein del stoff som de har bruk for. Ein del av det som ligg på denne sida er ope for alle, men bileter m.m. er passordbeskytta. Passordet som foreldra bruker dette året får de i eigen e-post, sidan dette brevet blir lagt på heimesida. Sida vil bli oppdatert denne månaden til nytt barnehageår, men det kan ta litt tid med årsplanen, som fortsatt er under utarbeiding. Vi oppfordrer foreldra til å bruke heimesida! ☺

Vi har ei lukka gruppe på Facebook, der det blir lagt ut beskjeder til foreldre og personale, foreldra kan stille spørsmål, vi deler faglege artikler, ideer, litt bileter m.m. For å bli medlem i gruppa må ein først søkje opp Dagdry barnehage på Facebook, og så be om å få bli medlem.

#### OPNINGSTID, KJERNETID OG FERIE I BARNEHAGEN

**Opningstida er kl 6.45 - 17.00.** Kjernetida i barnehagen er frå kl 9.30 - 14.00, og i den tida skjer dei fleste organiserte aktivitetane. Derfor er det viktig at alle barn er komne i barnehagen til den tida, slik at barnet ikkje går glipp av aktiviteter, eller at avdelinga har gått på tur.

Vi treng å få beskjed innan kl 8.45 dersom barnet ikkje kjem i barnehagen, eller om det av særskilte grunner kjem seinare enn kjernetida.

Barnehagen er open kvar dagane i romjula og påskeveka for dei som treng å nytte seg av det, men det må vere minst 5 påmeldte barn for at vi skal kunne halde ope og sette inn personale. Stengt julaftan og nyttårsaftan. Siste åra har det vore så lite påmelding til romjula, at vi har hatt stengt dei dagane, I påskeveka er det alltid mange fleire som har behov for opphald, så då har vi hatt ope. Det kan i løpet av barnehageåret bli endring på denne regelen om ope jul og påske. Det er ei sak i Samarbeidsutvalget og styret for barnehagen som pågår om dette, og foreldra vil bli teke med i prosessen denne hausten.

Når det gjeld **ferie** for barna, så er det ein måned i året det er betalingsfri, fordi barna skal ha 4 veker ferie. Alle desse vekene skal som hovudregel takast ut i løpet av skuleferien, og minst 3 veker må vere samanhengande. Om det er stort behov, kan ei av vekene takast ellers i året, men det må då avtalast med styrar eller ped.leiar på førehand, slik at vi får registrere det som ferie. Ferie kan ikkje takast ut som einskild-dagar, og ikkje i romjulsveka eller påskeveka, då dette ikkje er heile veker. Ellers er det heilt lovleg å ta ut både fridager og meir ferie enn dei 4 minimums-vekene, det er godt for barna å få meir tid med familien når det ligg til rette for det ☺

#### STUDIEDAGER, barnehagen stengt.

Det er 5 studiedager for personalet gjennom eit barnehageår, då barnehagen er stengt. Vi har allereie gjennomført dei 3 første no i august. I tillegg er det studiedager torsd 4.april, og fred 31.mai 2019.

#### MATRUTINER I BARNEHAGEN

I barnehagen har vi 3 måltid pr. dag; frukost 7.45 - 8.45, hovudmåltid 11.00 / 11.30, og eit lett måltid med litt brødmat og frukt på ettermiddagen. Barna tek med seg matboks til frukost, dei andre måltida får dei i barnehagen. Dei som skal ete frukost, må vere komne slik at dei rekk å ete før frukosttida er slutt.

Barnehagen har fokus på eit sunt kosthald på det jevne i barnehagen, men vi kan også kose med litt meir "usunne" ting i særskilte høve.

Det vert servert varm mat ca ein gang pr veke, og ofte får barna også delta i matlagainga, Det vert også baka brød, rundstykker e.l. i barnehagen innimellom.

## ÅRSPLAN / HOVUDTEMA

Avdelingane jobber no særskilt med tilvenning og tryggleik for barna, noko som er heilt grunnleggande for trivsel og læring.

Det vil ut i september kome årsplan, den vert presentert på foreldremøtet før den vert trykt opp. Satsingsområdet vårt; «leik og livsmeistring» er i tråd med satsinga i Rammeplanen for barnehager. Barna skal få basiskompetanse på ulike områder, både når det gjeld å utvikle identiteten sin, å fungere godt i eit fellesskap, verdier, bli kjent med naturen og nærmiljøet, fysisk og psykisk helse, og kunnskap innanfor ulike fagområder. Målet er at dei skal meistre livet sitt på ein god måte både no og i framtida. Leiken er livsviktig for barnet, det er gjennom leik, opplevingar og utforsking at læring skjer, og det er slik dei lærer å meistre livet som kjem. Avdelingane skal jobbe med «Hakkebakkeskogen» som eit konkret tema for barna dette året, og bruke denne fortellinga som reiskap til å jobbe med læring gjennom leik, slik som nevnt ovanfor, for å gje barna det dei treng for å meistre livet sitt på ulike områder.

Vi deltek UDIRs realfagsprosjekt, som barnehagane og skulane i kommunen har delteke i siste åra, og som skal vare fram til hausten 2019. Det har vore mykje fokus på matematikk (tal, rom og form), og no er det meir fokus på naturfag. Vi har eit samarbeid på Atlanterhavsparken på dette.

Vi er også inne i eit utviklingsarbeid for personalet, nokre av barnehagane i Giske kommune og nokre barnehager i Sula kommune, som er rettleia av «Ringer i vann», og som går på innføring av den nye Rammeplanen, som er barnehagens viktigste arbeidsreiskap. Det handler mykje om verdier, og at vi skal bli gode på det som er vår praksis og Daggrøy sitt pedagogiske tilbod til barna.

Visjonen vår: “- med Guds kjærleik til barna” skal prege kvardagen, hovudtema og aktiviteter i barnehagen. Kristne barnebøker, sanger, tema, m.m. vil vere ein naturleg del av det vi tilbyr barna, personalet ynskjer å gje barna gode verdier og sjølv vere gode modeller for dette.

Vi ynskjer å ha ein heilskap i både visjon, satsingsområde, fagområder og hovudtema. Og det viktigste: **Barnehagen = omsorg, leik, læring, vennskap og danning**, og vi skal legge til rette for all læring gjennom leik, opplevingar og utforsking. Dersom de har innspel til oss som vi bør ta med i årsplanen, så er det berre å kome med det ☺

Vi ynskjer å vere varme og gode voksne for barna dykkar, å ta både barn og foreldre på alvor, og gje barna masse kjærleik og god basiskompetanse til å meistre livet sitt.

## SKJEMA FOR UNDERSKRIFTER AV DIV. LØYVER

Alle nye barn fekk før ferien utdelt div. skjema der de skal skrive under på om de gir barnehagen løyve til å ta med barn i bil, levere ut gruppelister, osv. og eit skjema for opplysninger om barnet. Vi minner om at de må levere desse inn igjen til barnehagen snarast.

## PERSONALE PÅ AVDELINGANE DETTE ÅRET:

**SPURVEN:** Siv Lisbeth Mulelid og Marit Ytterland er pedagogiske leiarar. Assistentar/fagarbeidarar er Heidi Godø Eilertsen, Mariann Ytterland, Lena Meberg og Malin Skjong Dyb. (Heidi vikarierer for Marit no i ei periode)

**LINERLA:** Marthe Hellevik Hjorth og Elisabeth K. Synnes er pedagogiske leiarar. (Elisabeth skal ut i permisjon utpå hausten, og det er lyst ut etter pedogo til hennar vikariat) Assistentar/fagarbeidarar er Toril R. Johansen, Caroline Sæther Eide og Wenche Fladmark.

**LERKA:** May Britt Øverlid og Marte Tolo Skjong er pedagogiske leiarar. Assistentar/fagarbeidarar er Sølvi Dyb Alnes, Anita S. Ytterland, Mona Tønnessen, Ida van der Klaauw og Kjell-Andrè Synnes

**MÅLTROSTEN:** Oddhild Skjong og Barbro Bakken er pedagogiske leiarar. Assistentar er Dina Hildre, Trude Skjong, Beata Radziwon, Malin Kvistad Dyb og Bastian Hildre. (Beata er ute ei periode no, men er forhåpentlegvis tilbake i løpet av hausten)

**VIKARER:** Marita Nordgård Giske og Ragnhild Rønning. I tillegg bruker vi Malin S, Malin K, Bastian og Kjell-Andre også som vikarar, sidan dei ikkje har så store stillinger på avdelingane i utgangspunktet.

Med venleg helsing Kari-Lise Nordstrand -styrar